



**Fjord**  
kommune

## **RETNINGSLINJER FOR KOMMUNAL BRØYTING AV PRIVATE VEGAR I FJORD KOMMUNE**

1. Private vegar kan etter skriftleg søknad brøytast av Fjord kommune. Dette gjeld ikkje fritidsbustader. Vilåret er at det blir betalt gebyr til kommunen i samsvar med dei til ei kvar tid vedtekne betalingssatsar. Dersom fleire hus soknar til den aktuelle vegen som skal brøytast, føreset ein at det blir inngått avtale med alle. Før søknad om kommunal brøyting kan innvilgast, må vegen godkjennast av kommunen. Søknadsfrist for kommunal brøyting av privat veg er 1.oktober før gjeldande brøytesesong.
2. Vegen må vere i slik tilstand at den kan brøytast med traktor og naudsynt redskap. Vegen må ha asfaltert dekke eller fast grus med tilfredstillande jamnheit og bereevne. Minimum breidde 2,8 m og maks stigning 15%. Vegen må ha tilfredstillande snumogelegheit. Bilar må parkerast slik at dei ikkje hindrar brøyting.
3. Fjord kommune tek ikkje på seg ansvar for skader på veg, gjerde, hekk, kantar o.l som følgje av brøytinga. Ved underskrift av brøyteavtalen, forpliktar oppsitjarane seg til å ta ansvar for vegen.
4. Brøyting av private vegar vil ha prioritet etter kommunale vegar, men bli utført innan 12 timar ved snøfall.
5. Søknad om kommunal brøyting av privat veg blir administrativt behandla. Innvilga søknad vil vere avhengig av at det er tilstrekkeleg kapasitet på den aktuelle roda. Ved større etterspurnad enn kapasitet, vil kommunene gjer ei behovsprøving der helsemessige årsaker får prioritet.
6. For veganlegg med fleire partar, skal det vere ein kontaktperson mellom oppsitjarane og kommunen.
7. Brøytesatsane blir fastsette kvart år av kommunestyret. Tilsagn om kommunal brøyting gjeld for ein brøytesesong, men blir automatisk fornya inntil skriftleg oppseiing er motteke.

Avd. for Bygg og kommunalteknikk 12.08.2020

Godkjent av kommunestyret i Fjord 17.09.2020